

Detaljregulering for Djupetjønn hyttegrend PlanID: 201702

REGULERINGSFØRESEGNER

Hovden i Bykle Kommune

Vedteken: 26.04.2018

Korrigert etter vedtak i kommunestyret 26.09.18 (tomt 162)

Korrigert etter vedtak i kommunestyret 14.02.22 (mindre reg. endring)

§ 0 FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med reguleringsplanen er å opne for fortetting av det eksisterande hytteområdet Djupetjønn hyttegrend, med ei miljømessig rett arealutnytting og ei optimalisering av utbygd infrastruktur. Samstundes tillèt ein eit større bruksareal for nye og eksisterande hytter, og høve til uthus/garasje. Planen skal ivareta omsynet til blå- og grøntstruktur.

§ 1 REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

- § 1.1 Område for bygningar og anlegg (pbl. § 12-5 nr. 1)
 - B Bustader (1110)
 - BFF Fritidsbusetnad – frittliggjande (1121)
 - BFK Fritidsbusetnad – konsentrert (1122)
 - BST Skiløypetrasé (1420)
 - BE Energianlegg - trafo (1510)
 - BRE Renovasjonsanlegg (1550)
- § 1.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5 nr. 2)
 - SV Veg (2010)
 - SGS Gang-/sykkelveg (2015)
 - SVG Annan veggrunn - grøntareal (2019)
 - SPP Parkeringsplassar (2082)
- § 1.3 Grøntstruktur (pbl. § 12-5 nr. 3)
 - G Grøntstruktur (3001)
 - GTD Turdrag (3030)
 - GT Turveg (3031)
- § 1.4 Landbruks- natur- og friluftsmål og reindrift (LNFR) (pbl. §12-5 nr. 5)
 - LF Friluftsmål (5130)
- § 1.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl. § 12-5 nr. 6)
 - VFS Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6720)
- § 1.6 Omsynssoner i reguleringsplan (pbl. § 12-6)
 - H 140 Frisiktsone - Frisikt
 - H 310 Skredfare
 - H 320 Flomfare
 - H 370 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)
 - H 410 Krav som gjeld infrastruktur

- H 570 Bevaring kulturmiljø
- H 730 Bandlegging etter lov om kulturminne

§ 1.7 Bestemmelsesområder (pbl. § 12-7)

- #1-36 Automatisk freda kulturminne
- #37 Vilkår for mellombels bruk av areal

§ 2 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 **Kulturminne**

Dersom det under arbeidets gang skulle kome fram gjenstandar eller spor frå eldre tid, skal arbeidet stansast straks og melding snarast sendast regionale kulturminnemynde, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

§ 2.2 **Tilpassing i landskapet - arkitektur**

Noverande vegetasjon, som ikkje er naudsynt å fjerne i samband med etablering av tiltak, skal i størst mogeleg grad takast vare på. Ved tilplanting skal det ikkje nyttast giftige planter, eller artar som finnes i «Fremmede arter i Norge – med Norsk svarteliste». Terrenghandsaming og istandsetting skal gjerast ferdig samstundes med resten av anlegget. Skråningar skal jordkleast.

§ 2.2.1 Maksimal høgde på ferdig golv skal vere i samsvar med tabell A, jf. 3.1.3. Inngrep utanfor bygg/tilkomst/parkering skal, så langt mogeleg, tilpassast naturleg og nytt terreng på tomt og i landskap. Fylling/skjering skal søkjast å haldast på eit minimum. Terrengmurar er tillatne der dette er naudsynt pga. høgdeskilnader, der maksimal høgde på synleg mur er 2 meter, med unnatak av synleg mur mellom BFF35 og BFK6, som kan vera maksimalt 3 meter. Synlege skråningar/fyllingar skal jordkleast og inngrep revegeterast, jf. § 2.2. Rette fjellskjeringar i bakkant av hytter og parkering kan stå ubehandla.

§ 2.2.2 For tomter i BFF4 og BFF35 er byggegrenser vist i plankartet. Mindre murar (høgde < 1m) kan plasserast utanfor byggegrenser, men ikkje nærare enn 1 meter til nabogrense mot gbnr. 2/1323 og 1324.

§ 2.2.3 Det er ikkje høve til å gjerda inn eigedom.

§ 2.3 **Vatn, avløp og renovasjon**

Nye einingar skal være tilkoplta vatn- og avløpsnett. Einingane skal inngå i kommunal renovasjonsordning, jf. område f_BRE.

§ 2.4 **Høgder**

Mønehøgder skal målast frå ferdig innvendig golv, jf. høgder fastsett i reguleringsføresegnene tabell A, B og C og § 3.1.3.

For areal avsett til fritidsbusetnad skal mønehøgde for garasjar og uthus ikkje overstige 4 meter, gesimshøgde ikkje overstige 3 meter målt i frå ferdig innvendig golv.

For areal avsett til bustader (B) er maks mønehøgde sett til 7,5 m målt i frå ferdig innvendig golv. Mønehøgde for garasje skal her ikkje overstige 5 meter målt i frå ferdig innvendig golv.

§ 2.5 **Krav til søknad**

Saman med søknad om tiltak skal det leggast ved situasjonskart i målestokk 1:500, som på ein tydlig måte, skal vise tiltaket/bygningar og anlegg si plassering og utforming, med kotehøgde for eksisterande og opparbeidd terreng med høgdeplasseringar, samt ev. brannskilje. Det skal i tillegg leggast ved utomhusplan som syner tilkomst, avkøyring og parkering, samt ev. fyllingar og skjeringar, murar, trapper m.m.

§ 2.5.1 **Krav til sikring mot steinsprang i anleggsperioden**

Ved opparbeiding av nye tiltak skal nærliggande eigedomar sikrast mot steinsprang som følgje av arbeidet.

§ 2.5.2 **Krav til utarbeiding av tekniske planar**

Saman med søknad om tekniske anlegg (veg, vatn- og avløp, renovasjon og ev. andre installasjonar) skal det liggje føre teknisk plan for det aktuelle delområdet godkjent av Bykle kommune. Nye tekniske anlegg skal være iht. VA-normen i Bykle kommune. For nye vegar skal planen vise lengdeprofil med stigning, tverrprofil med snitt som viser snøopplag og parkering. Planen skal dokumentere tilstrekkeleg kapasitet til vatn, avløp og brannvatn. Løysing for vatn- og avløp skal syne leidningstrasé med tilkoplingspunkt. Teknisk plan skal der det er relevant syne kablar, brannvatn og overvasshandtering.

§ 2.6 **Tekniske anlegg**

Det er høve til å etablere kommunaltekniske og andre tekniske anlegg, som kabelskap, leidningsnett for straum, leidningar for vatn og avløp, brannhydrantar, pumpestasjonar, trykkforsterkarar o.l., samt anna utstyr som er naudsynt for å kunne oppretthalde god teknisk drift, innanfor areal avsett til annan veggrunn – grøntareal (SVG), (primært) eller fritidsbusetnad, BFF og BFK (sekundært). Anlegga skal ikkje hindre sikt i frisktsoner. Straum-, fiber, telefon og TV-kablar skal i størst mogleg grad samordnast med andre tekniske anlegg.

Anlegg i bakken kan ikkje, utan særskilt avtale med anleggseigar og kommune, overbyggjast med anlegg og bygningar som gjer det vanskeleg med vedlikehald o.l. Der anlegg i bakken ikkje er overdekt av teknisk infrastruktur skal traséen revegeterast.

Dersom nye bygningar eller anlegg kjem i konflikt med eksisterande vatn- og avløpsleidningar, kan desse etter avtale med anleggseigar flyttast. Tiltakshavar skal koste flytting av leidningane.

§ 2.7 **Branntekniske krav**

Plassering av nye fritidsbustader nærare eigedomsgrense enn 4 meter utløyser krav om brannskilje for ny eining. Vassforsyning/brannvatn skal være iht. forskrift om brannforebygging og krav sett i gjeldande byggeteknisk forskrift.

§ 3 **OMRÅDE FOR BYGNINGAR OG ANLEGG**

§ 3.1 **Fellesføresegner**

§ 3.1.1 Nye bygningar skal inneha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til bygningen sin funksjon og bygde og naturlege omgjevnadar og plassering.

Nye bygningar som er samanbygde eller består av fleire einingar, skal ha same farge og ein samstemt materialbruk på tak og veggjar. Ytterkledning skal bestå av tre, ev. i kombinasjon med naturstein. Det skal nyttast torvtak, ev. tre-tak eller grå, svart eller brun shingelpapp.

Nye bygningar skal utvendig ha naturfarge i tråd med Bykle kommune sin byggeskikkrettleiar.

§ 3.1.2 Nye bygningar skal ha takvinkel mellom 25° og 35°. Takvinkel på eksisterande fritidsbustader kan vidareførast ved tilbygg eller påbygg, og ved uthus og garasjar. Valmtak og flatt tak er ikkje tillate. Kvist, tversoverloft og takoppløft kan tillatast, men skal ikkje vera høgare enn mønet på hovudtak. Kvist og takoppløft tillatast inntil 1/3 del av takflata.

Terrassar skal ikkje vere høgare enn 1 m over eksisterande- eller godkjent planert terreng, og ikkje stikke lenger ut frå hyttevegg enn 3 m. Rekkverk må vera tilpassa hyttevegg og ikkje ha større høgd enn 0,9 m.

§ 3.1.3 Tabell A gir maksimal høgde for innvendig ferdig golv. Tillate avvik er +/- 0,5 m. Avvik skal vurderast av kommunen i kvart høve i samband med byggjesaka. For bygg over to plan er høgd fastsett for nedre plan. I dei høva der terrengfallet kan tillate bygning på eit plan, kan kotehøgda hevast med 1,0 m.

§ 3.1.4 Eksisterande bygningar, slik dei er godkjente av Bykle kommune, kan vidareførast i reguleringsplanen.

§ 3.1.5 Alle tomter skal ha godkjent tilkomst. For kvar eining skal det avsetjast to (2) biloppstillingsplassar à 20 m². Ein av desse kan plasserast i garasje.

§ 3.2 **Område for frittliggjande fritidsbusetnad - områda BFF**

§ 3.2.1 Innanfor områda BFF kan det førast opp frittliggjande fritidsbustader med ei eining. Utnyttingsgraden BYA er sett til maks 200 m². Det kan førast opp fritidsbusetnad med BYA på maks 140 m². I tillegg kan det innanfor fastsett utnyttingsgrad førast opp garasje og uthus, kvar på 20 m².

Maks. mønehøgde er sett til 6 m målt i frå ferdig innvendig golv, jf. tabell A og § 3.1.3.

§ 3.2.2 For tomter med større terrengfall enn 1:4, skal fritidsbustader førast opp i to plan; hovudplan og underetasje/sokkel. Maks. mønehøgde er sett til 7,5 m målt i frå ferdig innvendig golv i underetasje/sokkel, med unnatak av tomt 101 og 132 der maks. mønehøgde sett til 6 m målt frå ferdig innvendig golv i underetasje/sokkel.

§ 3.3 **Område for konsentrert fritidsbusetnad - områda BFK**

§ 3.3.1 Innanfor områda BFK kan det førast opp fritidsbusetnad frittstående eller samanbygde, til maks 2 einingar innanfor kvar tomt. BYA per tomt, før ev. deling av tomta, er sett til maks 50 %. Innanfor BYA kan det utanom fritidsbusetnad førast opp garasje og uthus, kvar på 20 m², for kvar av einingane.

Maks. mønehøgde er sett til 6 m målt i frå ferdig innvendig golv, jf. tabell A og § 3.1.3.

§ 3.3.2 For tomter med større terrengfall enn 1:4 skal bygningar førast opp i to plan, hovudplan og underetasje/sokkel. BYA er då avgrensa til maks 130 m² per tomt, inkl. garasje, uthus og parkering. Maks mønehøgde for desse er sett til 6,5 m målt i frå ferdig innvendig golv i underetasje/sokkel.

§ 3.4 **Område for bustader - B**

Innanfor byggeområde B kan det førast opp bustader med maks BYA 35 %. Innanfor areal regulert til bustader B kan det førast opp garasje på inntil 60 m².

§ 3.5 **Område for renovasjon - f_BRE**

Område f_BRE er avsett til anlegg for felles renovasjon. I området skal det førast opp bygningar og anlegg for levering av avfall. Området er felles for alle eigedomane innanfor planområdet.

Bygning skal vere tilpassa formålet og kan ha ei grunnflate på inntil 100 m² BYA. Maks byggehøgde er sett til 4 m målt i frå ferdig innvendig golv.

§ 3.6 **Område for energianlegg (trafo) - BE**

I områda avsett til BE kan det førast opp trafo med tilhøyrande tilkomst frå veg.

§ 3.7 **Skiløypetrasé - o_BST**

Løypetrasé kan opparbeidast med berelag i breidd inntil 4,0 m. Skiløypa kan utvidast inn i formålet SGS.

§ 4 **SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

§ 4.1 Vegar og parkeringsplassar i planområdet har eigarform felles (f_), og er felles for alle eigedomar innanfor planområdet. Desse skal opparbeidast slik planen syner.

§ 4.2 Annan veggrunn (SVG) kan nyttast til opplag for snø og grøfter. Innanfor føremålet er det høve til å etablere anlegg for tekniske innretningar som kablar og vatn- og avløp. Tiltak skal ikkje hindre sikt i frisktsoner. Ved naudsynte inngrep skal synlege sår i terrenget avbøytast og tilplantast eller tilsåast med stadeigne planteslag snarast mogeleg etter opparbeiding.

§ 4.3 Gang- og sykkelveg (SGS) skal opparbeidast til god kommunal standard, i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100. Gang- og sykkelvegen skal kunne brøytast om vinteren.

§ 5 **GRØNTSTRUKTUR**

§ 5.1 Terreng og vegetasjon skal bevarast. Områda skal være opne for allmenn ferdsle. I området kan det leggjast skiløyper. Innanfor grøntområda skal sikring av område for leike- og aktivitetstiltak for barn og unge prioriterast.

§ 5.2 I område for turdrag (GTD) kan det opparbeidast turstiar og skiløyper for ålmenta.

§ 5.3 I område avsett til turveg (GT) kan stiar opparbeidast i ei breidd inntil 1,5 m. I GT kan det gjennomførast anleggsarbeid i samband med opparbeiding av berelag. Arbeidet skal utførast skån- samt, sår skal jamnast og gjerast klar for naturleg gjengroing. GT1 kan tillate tilkomstveg om sommaren for eigedom gbnr. 2/1/102.

§ 6 **LANDBRUKS-, NATUR-, OG FRILUFTSFORMÅL, SAMT REINDRIFT**

§ 6.1 Tiltak i området avsett til friluftsmål (LF) er ikkje tillate. Eksisterande merka sti til Hovdenuten gjennom LF1 kan haldast ved like, og stien kan steinsettast og det kan etablerast klopper langs stien, jf. § 8.8. Det skal nyttast stadeigne materiale, og arbeid skal skje skån- samt utan å gi skade på sårbar vegetasjon.

§ 7 **BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE**

§ 7.1 Tiltak i området avsett til friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (VFS) er ikkje tillate.

§ 8 **OMSYNSSONER**

§ 8.1 **H 140 frisktsoner**

I frisktsoner skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytane vegars plan.

§ 8.2 **H 310 Skredfare**

I område med skredfare skal det ikkje etablerast bygningar eller anlegg. Det skal ikkje etablerast nye skogsvegar i sona, og det skal ikkje skje snauhogst her. I område utsett for skred skal vegetasjon ikkje fjernast.

§ 8.3 **H 320 Flaumfare**

Eksisterande vegetasjon og det naturlege bekkeløpet skal bevarast. Det er ikkje tillate å føre opp bygningar eller anlegg innanfor sona.

§ 8.4 **H 370 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) H 370_1**

Det kan ikkje førast opp bygningar eller andre innretningar i sona.

§ 8.5 **H 370 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) H 370_2**

I området ligg høgspenkabel i grunn. Der er ikkje tillate å føre opp bygningar eller andre innretningar innanfor sona (nærare enn 2 meter i frå kabel).

§ 8.6 **H 410 Infrastruktursone H 410_1**

Området H410_1 er avsett til tilkomst og parkering for kvar av tomtene i området, for å minimere terrenginngrep i det bratte terrenget. Ev. uthus eller garasje/carport kan førast opp innanfor sona.

§ 8.7 **H 570 Bevaring kulturmiljø**

Innanfor omsynssone kulturmiljø skal landskapet/vegen takast vare på slik den er i dag. Det må ikkje førekomma noko form for inngrep i grunnen eller andre tiltak innanfor sona utan å innhente uttale i frå kulturminnevernmyndigheita.

§ 8.8 **H 730 Automatisk freda kulturminne – bandlagt etter kulturminnelova**

Automatisk freda kulturminne (Omsynssone H730_1) er bandlagt etter kulturminnelova. I området er det synlege automatisk freda kulturminne (jernframstillingsanlegg og kolgroper). Området innanfor omsynssona vert forvalta av regional kulturminneforvalting etter føresegnene til kulturminnelova. Sti til Hovdenuten kan oppretthaldast. Tiltak knytt til sti må på førehand avklarast med fylkeskommunen.

Automatisk freda kulturminne (Omsynssone H730_2-16) er bandlagt etter kulturminnelova. I områda er det synlege automatisk freda kulturminne (kolgroper). Områda innanfor omsynssonene vert forvalta av regional kulturminneforvalting etter føresegnene til kulturminnelova.

§ 9 **BESTEMMELSESOMRÅDE**

§ 9.1 **#1-36 - Automatisk freda kulturminne**

Riksantikvaren har gjeve dispensasjon i frå den automatiske fredinga av kulturminna innanfor bestemmelsesområda #1-36 på vilkår om utgraving av to jernframstillingsanlegg og seks kolgroper, jf. § 10.6.

§ 9.2 **#37 - Vilkår for mellombels bruk av areal**

Området kan mellombels takast i bruk til anleggsformål i samband med framføring av veg f_SV2. Terreng blir endra og tilpassa vegen og elles omgivnad si form og lege. Når veg er ferdig bygd, vert området i stand sett og friggitt for utbygging.

§ 10 **REKKEFØLGJEKRAV**

§ 10.1 Før rammeløyve eller løyve til tiltak for nye einingar blir gjeve, skal teknisk plan vere utarbeidd og godkjent av Bykle kommune, jf. § 2.5.2.

§ 10.2 Før rammeløyve eller løyve til tiltak for nye einingar blir gjeve, skal tekniske anlegg (veg, vendehammar, parkering, renovasjon, brannvatn, vatn og avløp) vere ferdig opparbeidd til og langs dei ulike delområda/tomta som skal byggjast ut, og tilknytt vatn- og avløpsnett, godkjent av Bykle kommune. Delområda er:

- Delområde 1: BFF33, BFF29, BFK15, BFK16
- Delområde 2: BFF25, BFK13, BFK19
- Delområde 3: BFF12, BFF20, BFF21, BFF22, BFF23, BFK9, BFK10, BFK11
- Delområde 4: BFF11, BFK7, BFK8
- Delområde 5: BFF6, BFF9, BFK3, BFK5
- Delområde 6: BFF2, BFK2
- Delområde 7: BFF30, BFF31, BFF32, BFF34, BFK14, BFK17, BFK18
- Delområde 8: BFF18, BFF19, BFF26, BFF27, BFF28, BFK12
- Delområde 9: BFF13, BFF14, BFF15, BFF16
- Delområde 10: BFF 17, BFF35
- Delområde 11: BFF8, BFF10, BFK6
- Delområde 12: BFF4, BFK4
- Delområde 13: BFF5
- Delområde 14: BFF36
- Delområde 15: BFF1, BFF3
- Delområde 16: BFK1

Det er ikkje rekkjefølgjekrav knytt til tidspunkt for oppgradering av veg f_SV1, som er felles for Djupetjønn hyttegrennd.

- § 10.3 Før rammeløyve eller løyve til tiltak for nye einingar blir gjeve, skal o_SGS1 utbetrast/ oppgraderast til kommunal standard og vera godkjent av Bykle kommune. Gang-/sykkelvegen skal opparbeidast til god standard sommar og vinter.
- § 10.4 Før rammeløyve eller løyve til tiltak for nye einingar blir gjeve, skal oppheving av eigedomsgrensar, som er nødvendig for gjennomføring av planen, vere gjennomført innanfor det enkelte delområde.
- § 10.5 Før rammeløyve eller løyve til tiltak for nye einingar blir gjeve innanfor BFK2 eller BFF11, skal eksisterande bygningar som er forutsett reve, rivast, og nye eigedomar/tomter skal opprettast.
- § 10.6 Før iverksetting av tiltak i medhald av planen skal det gjennomførast arkeologiske utgravingar av dei berørte automatisk freda kulturminna innanfor det enkelte delområde:

to jernframstillingsanlegg (id 171262 og id 99233) og 34 kolgroper (id 98890, 98964, 98985, 99020, 99025, 99031, 99047, 99048, 99061, 99067, 99095, 99099, 99106, 99108, 99127, 99154, 99164, 99169, 99216, 99284, 99294, 99300, 99304, 99306, 99332, 99370, 99387, 99388, 99411, 99422, 99429, 99461, 99468, 99479), som er markert som bestemmelsesområde #1 - #36 i plankartet.

Det skal takast kontakt med regional kulturminnemynde i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsettast.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS (tidlegare Plan Vest AS), 05.07.17

Revidert etter offentleg ettersyn, ABO Plan & Arkitektur Stord AS, 05.04.18

2. gongs handsama i Planutvalet (sak 21/18) 16.04.2018

Vedteken av kommunestyret (sak 29/18) 26.04.2018

Korrigert etter vedtak i kommunestyret 26.09.18 (sak 82/18) 16.11.2018

Revidert, mindre reguleringsendring, ABO Plan & Arkitektur Stord AS, 12.11.21

Korrigert etter vedtak i Planutvalet (sak 34/22) 14.02.2022

Tabell A Høgder for ferdig innvendig golv

Tabellen under viser høgder for ferdig innvendig ferdig golv for fritidsbusetnad jf. § 3.1.3. Tabellen syner òg om arealet tomtene ligg på er avsett til byggjeområde eller til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, eller i reguleringsplanane for Djupetjønn hytteområde (planID 200704) og Hovden del 2 (planID 199701).

Tomt nr.	Maks. kotehøgde innv. golv	Byggeområde i reg.planar	LNF	Byggeområde KPA
29	799,0	X		
30	797,0	X		
38	783,0	X		
46	783,7	X		
58	784,0	X		
60	785,7	X		
61	785,4	X		
63	796,2	X		
64	792,0	X		
65	795,4	X		
66	795,5	X		
70	805,9	X		
73	<i>Eks. høgde på såle</i>	X		
75	809,0	X		
76	802,6	X		
77	801,5	X		
78	797,0	X		
79	801,1	X		
80	805,4	X		
81	790,7	X		
83	779,3	X		
92	780,0	X		
96	781,5	X		
99	787,0	X		
100	774,5	X		
101	786,0	X		
102	774,0	X		
103	794,0	X		
104	793,0	X		
106	775,0	X		
107	775,0	X		
108	774,0	X		
109	784,0	X		

110	780,0	X		
111	803,0	X		
112	769,0	X		
113	771,0			x
114	774,0	X		
115	775,0	X		
116	776,0	X		
118	776,0	X		
119	778,0	X		
125	774,0	X		
126	779,0			X
127	786,0			X
128	793,0		X	
129	794,0		X	
130	793,0		X	
131	785,0			x
132	785,0		x	
133	796,0		x	
134	797,0		x	
135	800,0		x	
136	804,0		x	
137	805,0		x	
138	809,0		x	
139	810,0			x
140	779,0	x		
141	776,0			x
142	776,0			x
143	779,0			X
144	798,0	X		
145	798,0			X
146	798,0			X
147	799,0			X
148	802,0			X
149	804,0			X
150	804,0			X
151	802,5			X
152	809,0			X
153	809,0			X
154	809,0			X
155	809,0			X
156	810,0			X

157	807,0	X		
158	UTGÅTT ETTER HØYRING			
159	804,0	X		
160	802,0	X		
161	800,0	X		
162	796,0	X		
163	797,0	X		
164	UTGÅTT ETTER HØYRING			
165	819,0		X	
166	818,0		X	
167	819,0		X	
168	818,0		X	
169	809,0		X	
170	810,0		x	
171	809,0	x		
172	802,5			X
173	802,5			X
174	801,0			X
175	797,0	X		
176	784,0		X	
177	776,0	X		
178	810,0			X
179	802,5			X
180	775,0	X		
181	800,0		X	
182	780,0	X		